

## **Referat fra styremøte 23 november 2015**

Møtet ble gjennomført på Bristol hotell, Oslo

Tilstede: Eli Ulvestad (leiar), Solveig Torgersen Grønder (nestleiar) Per Haarr , Endre Kleiveland, Anne Langmoen, Kjell Helge Moe , Frode A Rismyhr og Tore Friis Olsen (1.vara)

Forfall: Helen Hansen (2.vara)

Fra kontoret: Torunn Elise Kveen, Sina Bråten Lunde og Kjærsti Gangsø

### **34/2015 Referat frå styremøtet 16.09.2015**

#### **Vedtak:**

Referat frå styremøtet 16.09.2015 blir godkjent.

### **35/2015 Orienteringar**

Styret vart orientert om desse sakene:

- \* BKF, munnleg tilsegn om to kurs "Ull på norsk og manus på norsk" (2 x 26.000)
- \* brev til Kunnskapsministeren om Studietilsynsforskriften
- \* Representantskapsmøtet i Rådet for folkemusikk og folkedans. Kjærsti Gangsø ble vald som nestleiar i rådet.
- \* Kulturalliansen
- \* Orientering om informasjonsarbeidet
- \* Innspelsnotat til gjennomgang av struktur i fag- og yrkesopplæringa, små og verneverdige fag
- \* Eli Ulvestad vald som 1 vara til styret i Frivillighet Norge
- \* Handlingsplan med tiltak, status pr dags dato
- \* Evaluering fylkessamlinga

#### **Vedtak:**

Informasjonen blir tatt til orientering.

### **35/2015 Rekneskapsrapport 31.10.2015**

Styret gjekk gjennom framlagt rekneskapsrapport.

#### **Vedtak:**

Rekneskapsrapport 31.10.2015 blir tatt til etterretning.

### **36/2015 Statsbudsjett 2016**

Kontoret orienterte om arbeidet med statsbudsjettet 2016

#### **Vedtak:**

Styret er nøgd med Regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett og at løyvinga til Studieforbunda er på

same nivå som i 2015. Styret er derimot ikkje nøgd med framlegget om å øymerke ytterlegare 10% til integrering. Styret tek informasjonen om arbeidet som er gjort for å endre dette med til orientering..

### **37/2015 Høring - forslag til forskrift om endring i forskrift om studieforbund og nettskoler**

Kunnskapsdepartementet har sendt framlegg til endring i forskrift og vil øymerke 10 % av tilskotet til det overordna målet; "bidra til inkludering og motvirke utenforskap".

Studieforbundet sender høyrings svar innan fristen 09.12.2015.

#### **Vedtak:**

Styret slutter seg til framlegg til høyrings svar. Innspel frå styret blir innarbeid.

### **38/2015 Status Teateralliansen og prosjekt Teaterinstruktør opplæring**

Styret fekk utsendt notat om framdrift og status i arbeidet i Teateralliansen og om arbeidet med teaterinstruktørutdanning. Styret hadde en prinsipiell debatt om etablering av Teateralliansen som eige organisasjon for å ivareta openheit og innsyn knytt til forvaltning av store statelege tilskot, og styret debatterte teaterinstruktørutdanninga opp mot liknande tilbod hos dei organisasjonane som er med i alliansen og hos dei som ikkje er med.

#### **Vedtak:**

1. Styret tar informasjonen om arbeidet med Teateralliansen til etterretning. Styret ber styringsgruppa vurdere behovet for ei formell organisering som eige organisasjon med vedtekter, styre og organisasjonsnummer.
2. Styret tar informasjon om arbeidet med teaterinstruktør opplæring til etterretning. Styret ber styringsgruppa utvikle ei teaterutdanning som har så brei tilslutning som mogleg i alle medlemsorganisasjonane i Studieforbundet.

### **39/2015 1 million på rett kurs, oppfølging 2015 og 2016**

Styret hadde ein gjennomgang av kampanjen.

#### **Vedtak:**

1. Det blir sendt spørsmål til VOFO om status for kampanjen
2. Om VOFO vil avslutte kampanjen ber styret ei særskilt evaluering
3. Om VOFO vil avslutte kampanjen ber styret om ein ny sak for å vurdere ein eigen kampanje for vekst
4. Studieforbundet deler ut 3 prisar for stort vekst i deltakartall 2015. Prisane blir delt ut på årsmøtet, og prisvinnarane blir valt ut blant lag med meir enn 15 fleire deltakarar i 2015 enn året før. Det blir berre valt lag mellom dei laga som har hatt kurs i 2014 og 2015. Solveig Torgersen Grønder og Sina Bråten Lunde er jury.

### **40/2015 Kompetansehevingstilskotet, framlegg til rapportering**

Kompetansehevingstilskotet skal vere ei ubyråkratisk fordeling av ressursar slik at medlemsorganisasjonane er i stand til å ta fagansvar innafor eigen organisasjon. Styret har over tid diskutert innføring av rapportering.

### **Vedtak:**

1. Kompetansehevingstilskotet har som formål å styrke medlemsorganisasjonane sitt arbeid med kompetanseheving i eigen organisasjon.
2. Storleiken på den samla posten Kompetansehevingstilskot i Studieforbundet sitt budsjett blir vedteke i samband med budsjett.
3. Kompetansehevingstilskotet blir fordelt til medlemsorganisasjonane etter snitt timar dei siste to åra. Det er ingen minstesum.
4. Tildeling av kompetansehevingstilskot blir gjort gjennom tildelingsbrev og det blir stilt krav om skriftleg aksept. Aksepten går på at organisasjonen har informasjon om Studieforbundet på eiga nettside, informasjon om Studieforbundet, eigen kursverksemd, kompetansehevingstilskotet og kva tilskotet er brukt til i eiga årsmelding. Studieforbundet krev ikkje rekneskap for tilskotet.
5. Dette blir gjennomført som ei prøveordning i 2016. Styret ber om ny vurdering hausten 2016.

### **41/2015 Kurs på mottak/kurs for målgrupper som treng tilrettelegging.**

I samband med flyktningstraumen til Norge er alle oppmoda om å bidra. Kontoret meiner det må til auka budsjetttramme for tilretteleggingstilskot i 2016 for å innfri forventningane om auka aktivitet.

### **Vedtak:**

1. Styret slutter seg til intensjonen om å bruke meir midlar på kurs med tilrettelegging i 2016. Dette må sjåast i samband med revidert budsjett som skal handsamast på styremøtet i februar.
2. Styret ser positivt på gjennomgang av informasjon om tilretteleggingstilskottet for å sikre at alle aktuelle arrangørar kjenner til at det er mogleg å få særskilt finansiering.

### **Sak 42/2015 Eventuelt**

\* negativ reaksjon på kort søknadsfrist på VOFO sitt reisestipend. Kontoret blir bedt om å melde vidare til VOFO

\* Informasjon om UNESCO sitt instruktørkurs for frivillige organisasjonar. Solveig T Grinder held ei innleiing om UNESCO arbeidet på neste styremøte.

\* kontoret sender ut framlegg til møtedatoar ut 2016 på mail.

Ved protokollen  
Kjærsti Gangsø